

REGULERINGSFØRESEGNER FOR BUSTADOMRÅDET I LÅNABAKKANE
OG DELER AV SJØHOLTREITANE, ØRSKOG KOMMUNE

§ 1

Begrensning av planen. Det regulerte området er i planen vist med reguleringsgrenser.

Innanfor denne grensa skal bygningar plasserast slik det er vist på kartet, eller etter dei retningslinjer som er fastsett i desse føresegner.

§ 2

Arealbruk etter § 25, § 26 i bygningslova. Arealbruken innan planen er delt i fylgjande område:

1. Byggeområder:	Bustader	(§ 25)
	Off. bebyggelse	
2. Trafikkområder.	Vegar	(§ 25)
	Fortau	
	Gangvegar	
3. Friområde:	Turveg	(§ 25)
	Park	
	Leikeområde	

§ 3

Bustadområde.

Type bebygg. Bustadane skal vere frittliggande einebustader eller anna tett lav bustadform (vertikaltdelte, rekkehus).

Tak. Alle bustadane bør ha mønetak.

Inntil 2 høgder. Bustadane kan oppførast i inntil 2 høgder. (Jfr. byggeføresegn. kap. 26.pkt. 21).

Underhøgda. Der terrenget tilseier det, kan sokkelhøgda innreist til bustadføremaal i samsvar med byggeføregnene.

Garasje. Garasje kan oppførast som tilbygg til frittliggande bustader eller som eige anlegg for andre hustyper.

Der tilhøva tilseier det, kan garasje oppførast som frittliggande bygg.

Garasje kan berre byggjast på ei høgda med grunnflate ikkje over 50 m². Plassering av garasjen skal vere vist på byggeplanninga. Dette gjeld og om garasjen ikkje skal byggjast samstundes med huset.

Oppstillingsplass for bil. Kvar bustad skal i tillegg til garasjeplass ha oppstillingsplass for ein bil på eigen grunn eller på fellesareal.



- Form, farge, materiale. Ved handsaming av byggemeldinga skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og rett materialbruk.
- Vegetasjon. Det skal ved plassering av bustad, garasje og gjerde leggjast vekt på å verne vegetasjon og naturlege terrengformasjonar.
- Om ny planting vert gjort må denne gjerast slik at den etter bygningsrådet si meining ikkje er til hinder og mishag for den offentlege ferdsla.

§ 4

Område for off. bebyggelse.

Bebyggelsen kan oppførast i inntil 2 etasjer. Bebyggelsestype, utforming, avkøyrsløp, parkering, beplanting m.v. skal avgjerast av bygningsrådet.

§ 5


Friareal.

- Byggearbeid innan friarealet. Innan friarealet kan det oppførast bygg eller konstruksjon som har med lek, idrett eller sport å gjere, likeeins naudsynte anlegg for kraftforsyning, vassforsyning og kloakk. Det skal spesielt leggjast vekt på at desse ikkje er til hinder for fri ferdsel.
- Bygningsrådet skal i kvart einskilt høve godkjenne byggearbeidet.

§ 6

Trafikkområde.

- Reguleringsline. Reguleringsline for ytterkant veg er yttergrense for vegmark. Nødvendig areal til skjering og fylling kjem på totemark.
- Sikttrekantane. Det er i planen vist minimumsgrense for fri sikt i kryss. Innanfor desse grensene skal det ikkje plantast, fyllast eller plasserast noko på ein slik måte at fri sikt vert hindra (over 0,5 m).



§ 7

Private
servituttar.


Etter at desse reguleringsføresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til ved private servituttar å etablere tilhøve som er i strid med reguleringsføresegnene.

§ 8

Mindre
vesentlege
unnatak.

Mindre vesentlege unnatak frå desse føresegnene kan der serlege grunnar tilseier det, tillatast av bygningsrådet. Alle unntak må vere innan ramma av bygningslova og bygningsvedtekter for kommunen.

Stadfesta i Molde
den 18.03.82


Eiliv Berdal
fylkesreg. arkitekt

